



Margrethe Gudbrandsen

## **Nærpolitireforma - innspel til struktur frå kommunane Eidfjord, Granvin, Kvam, Osterøy, Samnanger, Vaksdal, Voss og Ulvik**

Me viser til nærpolitireforma og den pågåande prosessen for gjennomføring av reforma. Vidare viser me til vårt innspel om framtidig organisering av politiet for våre kommunar som vart lansert på dialogmøtet i Førde den 25.august. Me vil med dette brevet formelt sende over vårt framlegg til organisering.

### **Åtte kommunar, tre kontor**


Stortinget har lagt til grunn at organiseringa av politiet skal skje gjennom ein medverknadsprosess og ein prosess som er lokalt forankra. Dei åtte ordførarane som står bak dette initiativet har tatt dette på alvor. Vårt framlegg som sikrar at ein når måla i nærpolitireforma i vårt område. Gjennom dialog mellom kommunane, og innspel frå politiet, har me sett på korleis ein best kan nå målsetningane i reforma – der det viktigaste målet er auka politikraft der innbyggjarane er.

Me gjer framlegg om ei ny geografisk eining for kommunane Eidfjord, Granvin, Kvam, Osterøy, Samnanger, Vaksdal, Voss og Ulvik. Innanfor dette området ønskjer me at det vert tre lensmannskontor Eit kontor på Voss, eit i Norheimsund og eit i området Vaksdal/Osterøy. Kontora i Eidfjord, Dale, Osterøy, Samnanger og Ulvik vert lagt ned. Me viser òg til Regionrådet for Nordhordaland sitt framlegg, som ikkje kolliderer med våre ønskje.





Den geografiske eininga vil får følgjande geografisk nedslagsfelt:



Dei tre tenestekontora vil gje regionen følgjande:

- Regionen vil kunne ha aktiv teneste 24/7 heile året.
- Betre beredskap for alle kommunane.
- "Flåtestyring" vil føra til betre back up i alle kommunane. (Back up patruljer kom tidligare frå Bergen, medan vi no vil ha dei på Vaksdal.)
- Betre responstid.
- Større etterforsningskapasitet.
- Meir ressursar til førebygging.
- Forvaltningsoppgåver som t.d. pass på alle tenestestadane.
- Akseptabel reisetid for innbyggjarane til politiet

**Samla ser me at denne organiseringa vil gjer ei betre polititeneste for alle innbyggjarane i dei omhandla kommunane, og vil stetta krava i "Nærpolitimodellen" om eit politi der folk er.**

På vegne av ordførarane i dei åtte kommunane

Hans-Erik Ringkjøb  
Ordførar, Voss



**voss**kommune

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje signatur

Mottakar:  
Margrethe Gudbrandsen  
Vest Politidistrikt